



SKJERVHEIMSEMINARET 2016

Stalheim Hotel | Vossestrand | 16.–18. september

Utopiar og dømekraft

FREDAG 16. SEPTEMBER: KL. 18.30–20.30

Det vert servert suppe og brød på hotellet frå kl.16.00-18.30

18.30 Opning.

18.40 *Hilde Sejersted*: Utopier og dystopier i skolen.

19.10 *Hermund Slaattelid og Gunnar Schei*: Landsgymnaset – hugmål og røynd.

19.50 Kommenterar og ordskifte.

20.30 Middag.

LAURDAG 17. SEPTEMBER: KL. 09.00–18.30

09.00 *Vibeke Roggen*: Utopia av Thomas More – eit 500-årsjubileum.

09.30 *Rune Slagstad*: Utopier og den evige nåtid.

10.10 Kaffipause.

10.30 *Nora Taksdal*: Musikalske utopier hos Beethoven og Sjostakovitsj.

11.10 Ordskifte fram til klokka 12.00.

Lunsj vert servert frå klokka 12.00 til 14.00.

Program i lunsjpausen for dei som ynskjer det:

13.30 Omvising i museet på Stalheim v/ *Trygve Dugstad*.

Tur til Nåli for dei som vil, det tek om lag halvanna time fram og attende.

15.30 *Utdeling av Skjervheimprisen 2016*.

15.50 *Leidulf Melve*: Utopiar og historieskriving – eit globalt perspektiv.

16.20 Kaffipause.

16.45 *Øyvind Østerud*: Grenser for utopi: Hvorfor er verden i dag delt inn i stater?

17.15 Ålment ordskifte fram til ca. kl. 18.30

19.20 Samling i salongen. Aperitiff.

19.50 Konsert: *Gabriel Fliflet og Novgorod*.

20.30 Festmiddag.

SUNDAG 18. SEPTEMBER: KL. 09.00–12.15

Musikalsk opning ved *Nora Taksdal*.

09.10 *Lena Lindgren*: Etter mennesket – den posthumane utopi.

09.40 Spørsmål og kommenterar.

10.15 Kaffipause.

10.30 *John Dale*: Tankar om utopiar og dømekraft.

10.50 Avsluttande ordskifte.

12.00 Avslutning. Song ved *Ellen Marie Selland Geithung*.

12.15 Lunsj.

For meir informasjon og påmelding, sjå www.skjervheimseminaret.no

OM UTOPIAR av Hermund Slaattelid

Hausten 1516, for 500 år sidan, gav Thomas More, engelsk statsmann og filosof ut ei bok han kalla *Utopia*. Ho blir rekna som eit sentralt verk i europeisk tenking om samfunn og stat. Ordet *utopia* er eit nyord som Thomas More sjølv fann på, i ettertida har det gått inn i allmennspråket i dei fleste land. Han brukte det på ein tvtydig måte, for det kan tyde «landet som ingen stad finst», men med litt velvilje kan ein òg forstå det som *evtopia*, «den gode staden».

På Skjervheimseminaret 16. – 18. september feirar vi dette 500-årsjubileet, og vi inviterer til ei drøfting av utopi-omgrepet. Det har fått ny aktualitet i våre dagar, for Thomas More synta at den politiske tenkinga alltid er tenking om det utopiske, sidan ho gjeld kva som er politisk mogleg og ikkje kva som er naudsynt.

Mange har rekna Thomas More for ein av grunnleggjarane til sosialistisk tenking, mellom anna fordi han skildra eit idealsamfunn der privat eigedomsrett var avskaffa. Lenin gav han ein heidersplass blant sosialismens fedrar. Friedrich Engels derimot, såg på utopiane til More som umogne og regressive litterære fortidsfantasjar, i motsetning til det han og Marx sjølv stod for: den vitskaplege sosialismen. Dei hevda at kapitalismen med moderne produktivkrefter og produksjonstilhøve måtte ha nådd eit visst nivå før ein revolusjonær situasjon kunne oppstå.

I dag meiner mange, både progressive og konservative, at det er ein av urfunksjonane til litteratur og kunst å peike på utopiar eller motprosjekt til herskande samfunnsformer som mange reknar for sjølvsgde. All tenking om framtida må innehalde utopiske tildriv og ikkje nøye seg med å finne praktiske løysingar på avgrensa tekniske problem.

Michael Theunissen (1932-2015), ein viktig samtidsfilosof, skriv at vi manglar eit filosofisk omgrep om framtid. «I staden for utopien, som dei konservative med glede såg gjekk i oppløysing, har det diverre kome ein bevisstlaus nihilisme som ikkje ventar meir for eit universelt menneskeleg fellesskap. - - Oppgåva til filosofien er opplysning av det bevisste livet og leiting etter andre moglege eksistensmåtar enn dei som blir tilbydd oss. For verda er kapitalisme utan styring eit like stort problem som terrorisme, mens politikken utviklar seg attende til ein marionette for globalt agerande konsern.»